



Møteprotokoll for Alver kommunestyre

Møtedato: 24.02.2022
Møtestad: Helsehuset, møterom Nordhordland
Møtetid: 12:00 - 18:40

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP tom sak 20/22	Medlem
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Ordfører
Jostein Hellestveit	SP	Medlem
May-Irene Wergeland	SP	Medlem
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Laila Bjørge	SP	Medlem
Nina Bognøy	AP	Medlem
Ståle Juvik Hauge	AP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Malin Helene Andvik	KRF	Medlem
Stian Lavik	KRF	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Asle Hetlebakke	KRF	Medlem
Jogeir Romarheim	KRF	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Christel Villanger Håland	H	Medlem
Thomas Larsen	H	Medlem
Ingrid Fjeldsbø	H	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Morten Klementsén	UAVH	Medlem
Yngve Walaker	UAVH	Medlem
Thore Helland	SP	Medlem
Heine Fyllingsnes	H	Medlem
Harald Breivik	UAVH	Medlem
Ståle Hopland	UAVH	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Roy Bø	UAVH	Medlem
Anita Bakken	MDG	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Liv Hopland van der Kooij	SP	Medlem

Vigdis Villanger	SP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Varaordfører
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Terje Sletten-Hansen	UAVH	Medlem
Maria Færø	UAVH	Medlem
Hege Nygård Dale	UAVH	Medlem
Øyvind Bratshaug	H	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Øystein Nigar	SV	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Sveinung Toft	V	Medlem
Hendrik Weber	R	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Liv Hopland van der Kooij
Leif Gunnar Taule	SP	Vigdis Villanger
Leiv Jan Fosse	SP fom sak 21/22	
Hogne Brunborg	AP	
Astrid Namtvedt Sylta	AP	Øyvind Oddekalv
Sølvi Vatnøy	KRF	Astrid Aarhus Byrknes
Sean Røskeland	H	Kenneth Taule Murberg
Aasmund Karlsen	UAVH	Terje Sletten-Hansen
Kjell Ove Larsen	UAVH tom sak 30/22	Hege Nygård Dale
Anders Ingar Solheim	UAVH	Øyvind Bratshaug
Anna Ulrika Nordlund	SV	Torbjørn Taranger
Marie Morken	SV	Øystein Nigar
Marius Hellan Hindenes	V	Sveinung Toft
Alexander Helle	R	Hendrik Weber

Følgjande frå administrasjonen møte:

Arthur Kleiveland-konsulent, Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Martin W. Kulild-ass.rådmann, Nora M. K. Gjerde-konsulent, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
001/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/22	Godkjenning av møteprotokoll
003/22	Melding/orientering frå kontrollutvalet
004/22	Rapport frå eigarskapskontroll: Generell eigarstyring
005/22	Årsmelding 2021 - Alver kontrollutval
006/22	Årsmelding - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) i Alver
007/22	Årsmelding for Eldrerådet i Alver 2021
008/22	Avtale med Austrheim kommune, levering av drikkevatt og reservevassforsyning.
009/22	Vertskommunesamarbeid barnevernsvakt. Godkjenning av avtale med Gulen kommune.
010/22	Retningsline for gjennomføring av barnehageopptak i Alver kommune

- 011/22 Frådeling av grunn til privat naust frå gbnr 310/3
- 012/22 Ny lokal forskrift om jakt og fastsetting av minsteareal som grunnlag for tildeling av fellingsløyve på hjort i Alver kommune
- 013/22 Flytting av budsjettmidlar (investering) fra 2021 til 2022
- 014/22 Gebyr og betalingsattsar for 2022 - endring i forskrift vedtatt 16.12.2021
- 015/22 Sjølvkostgrunnlag - gebyr plansaker
- 016/22 Godkjenning av prosjektmandat Ostereidet kunstgras
- 017/22 Framlegg til investeringsprosjekt - Rehabilitering av tak - Manger - Solhall, søndre del
- 018/22 Reglement for styring av investeringsprosjekt
- 019/22 Miljøløftet - Ny strategi for innfartsparkering
- 020/22 Miljøløftet – prosjekt til handlingsprogrammet 2023 - 2026
- 021/22 Innkjøpsstrategi Alver kommune
- 022/22 Avtale mellom Alver kommune og Equinor Refining DA
- 023/22 Tittel på øvste administrative leiar i Alver kommune
- 024/22 Søknad om fritak som meddommar i tingretten
- 025/22 Søknad om fritak som meddommar i tingretten
- 026/22 Søknad om permisjon frå politiske verv
- 027/22 Søknad om fritak frå politiske verv
- 028/22 Fritak frå politiske verv i Alver kommune/nyval
- 029/22 Melding/orientering til kommunestyret 24.02.2022
- 030/22 Spørsmål/interpellasjonar 24.02.2022
- 031/22 Makebyte og leige - kai 4

001/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming:

Merknad frå A.Hetlebakke-Krf:

Ber om samledokument (PDF-innkalling) vert laga med saker u.off. til politikarportalen.

Rådmannen sitt framlegg med merknad vart samrøystes vedteke.

KO- 001/22 Vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

**002/22: Godkjenning av møteprotokoll
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent.

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 002/22 Vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

003/22: Melding/orientering frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming:

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 003/22 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering.

004/22: Rapport frå eigarskapskontroll: Generell eigarstyring

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar og ber administrasjonen om å følgje opp tilrådingane og gje kontrollutvalet ei skriftleg status om oppfølging av tilrådingane innan 4. kvartal 2022.

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming:

KPMG, ved Sindre Dueland, orienterte om rapport frå eigarskapskontroll.

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 004/22 Vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar og ber administrasjonen om å følgje opp tilrådingane og gje kontrollutvalet ein skriftleg status om oppfølging av tilrådingane innan 4. kvartal 2022.

005/22: Årsmelding 2021 - Alver kontrollutval

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek årsmeldinga til orientering.

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming:

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 005/22 Vedtak:

Kommunestyret tek årsmeldinga til orientering.

006/22: Årsmelding - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) i Alver

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmeldinga for RMNF for 2021 vert teke til orientering.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 07.02.2022:

Handsaming:

Årsmeldinga med dei endrigane som kom fram i møtet, vart samrøystes godkjent.

RMNF- 007/22 innstilling:

Årsmeldinga for RMNF for 2021 vert teke til orientering.

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming:

Innstillinga frå RMNF vart samrøystes vedteke.

KO- 006/22 Vedtak:

Årsmeldinga for RMNF for 2021 er teke til orientering.

007/22: Årsmelding for Eldrerådet i Alver 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmeldinga for Eldrerådet for 2021 vert teken til orientering.

Eldreråd 07.02.2022:

Handsaming:

Eldrerådet slutta seg samrøystes til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ER- 005/22 innstilling:

Årsmeldinga for Eldrerådet for 2021 vert teken til orientering.

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming:

Innstillinga frå eldrerådet vart samrøystes vedteke.

KO- 007/22 Vedtak:

Årsmeldinga for Eldrerådet for 2021 er teke til orientering.

008/22: Avtale med Austrheim kommune, levering av drikkevatt og reservevassforsyning.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret sluttar seg til avtale med Austrheim kommune for levering av drikkevatt og reservevassforsyning, jf avtaleforslag datert 27.01.2022. Rådmannen får fullmakt til oppfølging og signering etter politisk behandling i Austrheim kommune.»

Alver formannskap 10.02.2022:

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå A.Hetlebakke-KRF:

Avtaleteksten skal vera omsett til nynorsk før signering.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå A.Hetlebakke vart samrøystes vedteke.

FO- 007/22 innstilling:

«Kommunestyret sluttar seg til avtale med Austrheim kommune for levering av drikkevatt og reservevassforsyning, jf avtaleforslag datert 27.01.2022. Rådmannen får fullmakt til oppfølging og signering etter politisk behandling i Austrheim kommune.»

Avtaleteksten skal vera omsett til nynorsk før signering.

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 008/22 Vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til avtale med Austrheim kommune for levering av drikkevatt og reservevassforsyning, jf avtaleforslag datert 27.01.2022. Rådmannen får fullmakt til oppfølging og signering etter politisk behandling i Austrheim kommune. Avtaleteksten skal vera omsett til nynorsk før signering.

009/22: Vertskommunesamarbeid barnevernsvakt. Godkjenning av avtale med Gulen kommune.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune inngår vertskommunesamarbeid med Gulen kommune knytt til beredskap for barnevernsvakta. Alver kommune blir vertskommune for dette samarbeidet, i samsvar med utarbeidd samarbeidsavtale.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 018/22 innstilling:

Alver kommune inngår vertskommunesamarbeid med Gulen kommune knytt til beredskap for barnevernsvakta. Alver kommune blir vertskommune for dette samarbeidet, i samsvar med utarbeidd samarbeidsavtale.

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming:

Innstillinga frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur vart samrøystes vedteke.

KO- 009/22 Vedtak:

Alver kommune inngår vertskommunesamarbeid med Gulen kommune knytt til beredskap for barnevernsvakta. Alver kommune blir vertskommune for dette samarbeidet, i samsvar med utarbeidd samarbeidsavtale.

010/22: Retningsline for gjennomføring av barnehageopptak i Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Alver kommune vedtek retningsline for barnehageopptak i Alver kommune»

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 017/22 innstilling:

«Alver kommune vedtek retningsline for barnehageopptak i Alver kommune»

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming:

Innstillinga frå utval frå oppvekst, kunnskap og kultur vart samrøystes vedteke.

KO- 010/22 Vedtak:

Alver kommune vedtek retningsline for barnehageopptak i Alver kommune.

011/22: Frådeling av grunn til privat naust frå gbnr 310/3**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at Eva Tangen får tilbod om innløyning av festa naustegrund på Holmeknappen gbnr 310/3 for kr 127 369,- pluss omkostningar til mellom anna frådeling og oppmåling av naustparsellen. Tilbodet står ved lag seks månader frå vedtaksdato.»

Alver formannskap 10.02.2022:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 012/22 innstilling:

«Kommunestyret godkjenner at Eva Tangen får tilbod om innløyning av festa naustegrund på Holmeknappen gbnr 310/3 for kr 127 369,- pluss omkostningar til mellom anna frådeling og oppmåling av naustparsellen. Tilbodet står ved lag seks månader frå vedtaksdato.»

Alver kommunestyre 24.02.2022:**Handsaming:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 011/22 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner at Eva Tangen får tilbod om innløyning av festa naustegrund på Holmeknappen gbnr 310/3 for kr 127 369,- pluss omkostningar til mellom anna frådeling og oppmåling av naustparsellen. Tilbodet står ved lag seks månader frå vedtaksdato.»

012/22: Ny lokal forskrift om jakt og fastsetting av minsteareal som grunnlag for fildeling av fellingsløyve på hjort i Alver kommune**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyret vedtek framlegg til lokal forskrift om jakt og fastsetting av minsteareal som grunnlag for fildeling av fellingsløyve på hjort i Alver kommune vert vedteke.

Vedtaket har heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 6.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga».

Utval for areal, plan og miljø 09.02.2022:**Handsaming:**

Tilleggsframlegg frå Vigdis Villanger-Sp:

Hjortejaktvald 4631v0016 "Nordangervågen" nord på Radøy vert gjort til eiga arealsone for minsteareal, på 200 daa. Administrasjonen får fullmakt til å oppdatera den lokale forskrifta slik at dette vert riktig i teksten elles.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Vigdis Villanger-Sp vart samrøystes vedteke.

APM- 023/22 innstilling:

Alver kommunestyre vedtek framlegg til lokal forskrift om jakt og fastsetting av minsteareal som grunnlag for fildeling av fellingsløyve på hjort i Alver kommune vert vedteke, med følgjande tillegg:

Hjortejaktvald 4631v0016 "Nordangervågen" nord på Radøy vert gjort til eiga arealsone for minsteareal, på 200 daa. Administrasjonen får fullmakt til å oppdatera den lokale forskrifta slik at dette vert riktig i teksten elles.

Vedtaket har heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 6.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Utval for næringsutvikling og drift 09.02.2022:

Handsaming:

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Utval for næringsutvikling og drift støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak, med følgjande tillegg:

Hjortejaktvald 4631v0016 "Nordangervågen" nord på Radøy vert gjort til eiga arealsone for minsteareal, på 200 daa. Administrasjonen får fullmakt til å oppdatera den lokale forskrifta slik at dette vert riktig i teksten elles.

Lavik sitt tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

ND- 003/22 uttale:

Utval for næringsutvikling og drift støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak, med følgjande tillegg:

Hjortejaktvald 4631v0016 "Nordangervågen" nord på Radøy vert gjort til eiga arealsone for minsteareal, på 200 daa. Administrasjonen får fullmakt til å oppdatera den lokale forskrifta slik at dette vert riktig i teksten elles.

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming:

Laila Bjørge-SP sa seg inhabil, ettersom ho har vore sakshandsamar i denne saka. Kommunestyret erklærte Bjørge inhabil, og ho deltok ikkje i handsaminga av saka.

Tilleggsframlegg frå S.Hauge-AP:

Forskrifta skal rullerast kvart andre år.

Tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

KO- 012/22 Vedtak:

Alver kommunestyre vedtek framlegg til lokal forskrift om jakt og fastsetting av minsteareal som grunnlag for tildeling av fellingsløyve på hjort i Alver kommune vert vedteke, med følgjande tillegg:

Hjortejaktvald 4631v0016 "Nordangervågen" nord på Radøy vert gjort til eiga arealsone for minsteareal, på 200 daa. Administrasjonen får fullmakt til å oppdatera den lokale forskrifta slik at dette vert riktig i teksten elles.

Vedtaket har heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 6.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Forskrifta skal rullerast kvart 2. år.

013/22: Flytting av budsjettmidlar (investering) fra 2021 til 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Unyttta investeringsmidlar i 2021 på 117,2 mill. kr vert flytta til budsjett 2022 i samsvar med tabellen i saksutgreiinga. Auken vert finansiert av unyttta lånemidlar 103,1 mill. kr og momskompensasjon med 14,1 mill. kr.

Alver formannskap 10.02.2022:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 006/22 innstilling:

Unyttta investeringsmidlar i 2021 på 117,2 mill. kr vert flytta til budsjett 2022 i samsvar med tabellen i saksutgreiinga. Auken vert finansiert av unyttta lånemidlar 103,1 mill. kr og momskompensasjon med 14,1 mill. kr.

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 013/22 Vedtak:

Unyttta investeringsmidlar i 2021 på 117,2 mill. kr vert flytta til budsjett 2022 i samsvar med tabellen i saksutgreiinga. Auken vert finansiert av unyttta lånemidlar 103,1 mill. kr og momskompensasjon med 14,1 mill. kr.

014/22: Gebyr og betalingssatsar for 2022 - endring i forskrift vedtatt 16.12.2021

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Alver kommunestyre godkjenner oppdaterte gebyr- og betalingssatsar for 2022 slik dei går fram av vedlegg datert 01.02.2022.

Alver formannskap 10.02.2022:

Handsaming:

Framlegg frå M.Klementsens-uavh.:

Alver kommune fryser prisene på dagens nivå. Dette grunnet innbyggernes økte utgifter i for bl.a, bompenger og ikke minst meget dyre strømpriser i markedet. Som nest største kommunale eier av BKK, vil Alver kommune presumptivt få ett vesentlig større aksjeutbytte enn vanleg.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (M.Klementsens-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh.og M.Færø-uavh.)

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 9 røyster, mot 3 røyster (M.Klementsens-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh.og M.Færø-uavh.)

FO- 011/22 innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner oppdaterte gebyr- og betalingssatsar for 2022 slik dei går fram av vedlegg datert 01.02.2022.

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 014/22 Vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner oppdaterte gebyr- og betalingssatsar for 2022 slik dei går fram av vedlegg datert 01.02.2022.

015/22: Sjølvkostgrunnlag - gebyr plansaker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret tek utgreiinga om sjølvkostgrunnlaget for plansaksgebyr til orientering, og sluttar seg til prosessen som er tilrådd i oppsummeringa.

Ramma for ansvar 7120 plan- og byggesaksbehandling, teneste 3011 plansaksbehandling etter sjølvkost, blir auka med kr 1,5 mill for 2022. Midlane blir henta frå disposisjonsfondet.»

Alver formannskap 10.02.2022:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 2 røyster (M.Klementsens-uavh.og T.Sletten-Hansen-uavh.).

FO- 010/22 innstilling:

«Kommunestyret tek utgreiinga om sjølvkostgrunnlaget for plansaksgebyr til orientering, og

sluttar seg til prosessen som er tilrådd i oppsummeringa.

Ramma for ansvar 7120 plan- og byggesaksbehandling, teneste 3011 plansaksbehandling etter sjølvkost, blir auka med kr 1,5 mill for 2022. Midlane blir henta frå disposisjonsfondet.»

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 015/22 Vedtak:

Kommunestyret tek utgreiinga om sjølvkostgrunnlaget for plansaksgebyr til orientering, og sluttar seg til prosessen som er tilrådd i oppsummeringa. Ramma for ansvar 7120 plan- og byggesaksbehandling, teneste 3011 plansaksbehandling etter sjølvkost, blir auka med kr 1,5 mill for 2022. Midlane blir henta frå disposisjonsfondet.

016/22: Godkjenning av prosjektmandat Ostereidet kunstgras

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektmandat for rehabilitering av Ostereidet kunstgras vert godkjent slik det ligg føre.

Alver formannskap 10.02.2022:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 013/22 innstilling:

Prosjektmandat for rehabilitering av Ostereidet kunstgras vert godkjent slik det ligg føre.

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå M.Morken-SV:

Kommunestyret bed om at biodekke på Ostereidet vert utgreia som eit alternativ til syntetisk granulat.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 016/22 Vedtak:

Prosjektmandat for rehabilitering av Ostereidet kunstgras vert godkjent slik det ligg føre. Kommunestyret bed om at biodekke på Ostereidet vert utgreia som eit alternativ til syntetisk granulat.

017/22: Framlegg til investeringsprosjekt - Rehabilitering av tak - Manger - Solhall, søndre del

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret vedtek prosjekt rehabilitering av taket på Solhall, Manger - søndre del. Det vert løyvd 4,4 mill inkl.mva til arbeidet, finansiert gjennom auka låneopptak»

Alver formannskap 10.02.2022:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 014/22 innstilling:

«Kommunestyret vedtek prosjekt rehabilitering av taket på Solhall, Manger - søndre del. Det vert løyvd 4,4 mill inkl.mva til arbeidet, finansiert gjennom auka låneopptak»

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 017/22 Vedtak:

Kommunestyret vedtek prosjekt rehabilitering av taket på Solhall, Manger - søndre del. Det vert løyvd 4,4 mill inkl.mva til arbeidet, finansiert gjennom auka låneopptak.

018/22: Reglement for styring av investeringsprosjekt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret vedtek Reglement for styring av investeringsprosjekt, revisjon 01 med dei endringane som er lagt fram i saka»

Alver formannskap 10.02.2022:

Handsaming:

Framlegg frå T.Larsen-H:

På kulepunktet om historikk i sakspapirer:

* Eventuelle tilleggsøyvingar

Endres til:

*Eventuelle tilleggsøyvingar, når og kva beløp

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg med endring vart samrøystes vedteke.

FO- 015/22 innstilling:

«Kommunestyret vedtek *Reglement for styring av investeringsprosjekt, revisjon 01* med dei endringane som er lagt fram i saka» og følgjande endring:

På kulepunktet om historikk i sakspapirer:

* Eventuelle tilleggsøyvingar

Endres til:

*Eventuelle tilleggsøyvingar, når og kva beløp

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå S.Hauge-AP:

Kommunestyret viser til reglane for kommunestyrehandsaming i pkt. 5.1 og ber rådmannen innarbeide tilsvarande i pkt. 5.4.3.

Tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 018/22 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Reglement for styring av investeringsprosjekt, revisjon 01 med dei endringane som er lagt fram i saka» og følgjande endring:

På kulepunktet om historikk i sakspapira: * Eventuelle tilleggsøyvingar endrast til: *Eventuelle tilleggsøyvingar, når og kva beløp

Kommunestyret viser til reglane for kommunestyrehandsaming i pkt. 5.1 og ber rådmannen innarbeide tilsvarande i pkt. 5.4.3.

**019/22: Miljøløftet - Ny strategi for innfartsparkering
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Alver kommune sluttar seg til «Strategisk styringsdokument for innfartsparkering innafor avtaleområdet til Miljøløftet».

Alver formannskap 10.02.2022:

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå M.Klementsens-uavh.:

Innfartsparkering legges tett ved utkantene av bompengeplasseringene. Parkering vert gratis. Shuttlebuss må bistå med persontransport til bussholdeplass sentralt i Knarvik/Flatøy

Framlegget fekk 4 røyster og fall (J.Hellestveit-SP, M.Klementsens-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh. og M.Færø-uavh.)

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 9 røyster (mot M.Klementsens-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh. og M.Færø-uavh.)

FO- 008/22 innstilling:

- Alver kommune sluttar seg til «Strategisk styringsdokument for innfartsparkering innafor avtaleområdet til Miljøløftet».

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå M.Klementsens-uavh.:

Kommunestyret ber adm.inngå dialog med miljøløftet og Vestland fylkeskommune for å utrede Innfartsparkering i utkantene av bompengeplasseringene. Parkering bær vera gratis. Det innledes dialog med fylkeskommunen og MILJØLØFTET for å se hvordan man kan tilrettelegge for at dette i størst mulig grad løses praktisk i forhold til bussavganger for pendlere.

Framlegget fekk 6 røyster og fall (S.Hopland-uavh., M.Klementsens-uavh., A.I.Solheim-uavh., Aa.Karlsen-uavh., H.Breivik-uavh.og K.O.Larsen-uavh.)

Innstilling frå formannskapet vart vedteke med 38 røyster (mot M.Klementsens-uavh., Aa.Karlsen-uavh., H.Breivik-uavh.og K.O.Larsen-uavh.)

KO- 019/22 Vedtak:

- Alver kommune sluttar seg til «Strategisk styringsdokument for innfartsparkering innafor avtaleområdet til Miljøløftet».

020/22: Miljøløftet – prosjekt til handlingsprogrammet 2023 - 2026

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune tilrår at følgjande prosjekt blir tatt inn i Miljøløftet sitt handlingsprogram 2023 - 2026.

- Fv5474, Seim skule, fortau/trafikksikring
- Fv5458, Ostereidet, fortau/trafikksikring i Lindsdalen
- Fv5452, Leknes, fortau/trafikksikring ved Eknes Karosseri
- Fv5452, Apalen, fortau/trafikksikring Apalen – kryss Kleivdalsvegen

Alver formannskap 10.02.2022:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FO- 009/22 Vedtak:

Alver kommune tilrår at følgjande prosjekt blir tatt inn i Miljøløftet sitt handlingsprogram 2023 - 2026.

- Fv5474, Seim skule, fortau/trafikksikring
- Fv5458, Ostereidet, fortau/trafikksikring i Lindsdalen
- Fv5452, Leknes, fortau/trafikksikring ved Eknes Karosseri
- Fv5452, Apalen, fortau/trafikksikring Apalen – kryss Kleivdalsvegen

Alver kommunestyre 24.02.2022:**Handsaming:**

I innstillinga FV Ostereidet skal vera FV 5456

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 020/22 Vedtak:

Alver kommune tilrår at følgjande prosjekt blir tatt inn i Miljøløftet sitt handlingsprogram 2023 - 2026.

- Fv5474, Seim skule, fortau/trafikksikring
- Fv5456, Ostereidet, fortau/trafikksikring i Lindsdalen
- Fv5452, Leknes, fortau/trafikksikring ved Eknes Karosseri
- Fv5452, Apalen, fortau/trafikksikring Apalen – kryss Kleivdalsvegen

021/22: Innkjøpsstrategi Alver kommune**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkjøpsstrategi for Alver kommune vert vedteke.

Alver formannskap 10.02.2022:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 016/22 innstilling:

Innkjøpsstrategi for Alver kommune vert vedteke.

Alver kommunestyre 24.02.2022:**Handsaming:**

Det vart stild spørsmål om styremedlemmar i vekstbedriftane er ugilde i denne saka.

Framlegg:

Styremedlemmane er ikkje ugilde i denne saka.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Sp, Ap, H og KrF ved Leif Taule-SP:

Kommunestyret ønskjer at meir av kommunen sine innkjøp vert gjort frå lokale næringslivsaktørar herunder vektlegging av å ivareta butikkane i lokalsamfunna, og ber om at rådmannen kjem tilbake med eigen sak med tiltak jmf. delmål 3 i strategien.

Framlegget vart samrøystes vedteke

Framlegg frå Sp, Ap, KrF og H ved N.Bognøy-AP:

Kommunestyret ber rådmann innarbeida vedlagte punkt i innkjøpsstrategi Alver kommune og leggja det fram for kommunestyret for endelig vedtak:

Overordna i innleiinga:

Alver kommune skal gjennomføra gode anbudsprosessar for å fremja eit trygt arbeidsliv og unngå sosial dumping.

Kommunestyret ber rådmannen innarbeida retningslinjer ved bruk av reserverte og inkluderande kontraktar i Alver kommune som følger:

1. Ved planlegging av eit innkjøp skal det gjerast ei vurdering av om kontrakten kan egne seg

som ei reservert kontrakt etter reglane om slike kontraktar i anskaffelsesforskrifta. Konklusjonen skal grunngjevast, anten i innkjøpsprotokoll eller i eige notat.

2. Dersom kontrakten ikkje eignar seg som ein reservert kontrakt, skal det gjerast ei vurdering av om kontrakten eignar seg om ein inkluderande kontrakt. Det skal vurderast korleis kravet om en viss bruk av tilsette som har nedsett funksjonsevne/arbeidsevne, eller som av andre grunnar har spesielle utfordringar på arbeidsmarknaden, kan fungere mest mogleg føremålstenleg for det aktuelle innkjøpet. Konklusjonen skal grunngjevast, anten i innkjøpsprotokoll eller i eige notat.

3. Dersom korkje reservert kontrakt eller inkluderande kontrakt vert vurdert som egna, vert innkjøpet utlyst på vanleg måte, etter dei reglane som gjeld i anskaffelsesforskrifta.

4. Kommunestyret ber om rapportering i årsmeldinga.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Forslag fra Mdg, Rødt, Sv og Venstre ved A.Helle-R:

Kommunestyret ber rådmannen koma tilbake med eige sak om korleis den internasjonale standarden NS-ISO 20400 om berekraftige innkjøp kan innarbeidas i strategien

Framlegget fekk 7 røyster og fall (M.Hindenes-V, A.U.Nordlund-SV, A.Helle-R, L.Bjørge-SP, M.I.Wergeland-SP, M.Morken-SV og A.Bakken-MDG)

Innstillinga frå formannskapet fekk ingen røyster og fall

KO- 021/22 Vedtak:

Kommunestyret ber rådmann innarbeida vedlagte punkt i innkjøpsstrategi Alver kommune og leggja det fram for kommunestyret for endelig vedtak:

Overordna i innleiinga:

Alver kommune skal gjennomføra gode anbudsprosessar for å fremja eit trygt arbeidsliv og unngå sosial dumping.

Kommunestyret ber rådmannen innarbeida retningslinjer ved bruk av reserverte og inkluderande kontraktar i Alver kommune som følger:

1. Ved planlegging av eit innkjøp skal det gjerast ei vurdering av om kontrakten kan egne seg som ei reservert kontrakt etter reglane om slike kontraktar i anskaffelsesforskrifta. Konklusjonen skal grunngjevast, anten i innkjøpsprotokoll eller i eige notat.

2. Dersom kontrakten ikkje eignar seg som ein reservert kontrakt, skal det gjerast ei vurdering av om kontrakten eignar seg om ein inkluderande kontrakt. Det skal vurderast korleis kravet om en viss bruk av tilsette som har nedsett funksjonsevne/arbeidsevne, eller som av andre grunnar har spesielle utfordringar på arbeidsmarknaden, kan fungere mest mogleg føremålstenleg for det aktuelle innkjøpet. Konklusjonen skal grunngjevast, anten i innkjøpsprotokoll eller i eige notat.

3. Dersom korkje reservert kontrakt eller inkluderande kontrakt vert vurdert som egna, vert innkjøpet utlyst på vanleg måte, etter dei reglane som gjeld i anskaffelsesforskrifta.

4. Kommunestyret ber om rapportering i årsmeldinga.

Kommunestyret ønskjer at meir av kommunen sine innkjøp vert gjort frå lokale næringslivsaktørar herunder vektlegging av å ivareta butikkane i lokalsamfunna, og ber om at rådmannen kjem tilbake med eigen sak med tiltak jmf. delmål 3 i strategien.

022/22: Avtale mellom Alver kommune og Equinor Refining DA**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret vedtek kostnads- og risikofordeling der Alver kommune og Equinor refining DA deler prosjektkostnadene etter fordelinga i intensjonsavtalen (Alver 40%, Equinor 60%). Risikofordelinga føl intensjonsavtalen opp til 130% av prosjektkostnaden. For kostnader ut over 130% ber Alver kommune risikoen åleine»

Alver kommunestyre 24.02.2022:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 022/22 Vedtak:

«Kommunestyret vedtek kostnads- og risikofordeling der Alver kommune og Equinor refining DA deler prosjektkostnadene etter fordelinga i intensjonsavtalen (Alver 40%, Equinor 60%). Risikofordelinga føl intensjonsavtalen opp til 130% av prosjektkostnaden. For kostnader ut over 130% ber Alver kommune risikoen åleine»

023/22: Tittel på øvste administrative leiar i Alver kommune**Framlegg til vedtak:**

Tittel på øvste administrative leiar i Alver kommune vert endra frå rådmann til kommunedirektør frå 1. mars 2022.

Rådmannen får fullmakt til å avgjere endring av tittel for assisterande rådmann frå same tidspunkt.

Alver formannskap 10.02.2022:**Handsaming:**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 019/22 innstilling:

Tittel på øvste administrative leiar i Alver kommune vert endra frå rådmann til kommunedirektør frå 1. mars 2022.

Rådmannen får fullmakt til å avgjere endring av tittel for assisterande rådmann frå same tidspunkt.

Alver kommunestyre 24.02.2022:**Handsaming:**

Innstillinga frå formannskapet vart vedteke med 41 røyster mot 2 røyster (Aa.Karlsen-uavh.og A.I.Solheim-uavh.)

KO- 023/22 Vedtak:

Tittel på øvste administrative leiar i Alver kommune vert endra frå rådmann til kommunedirektør frå 1. mars 2022.

Rådmannen får fullmakt til å avgjere endring av tittel for assisterande rådmann frå same tidspunkt.

024/22: Søknad om fritak som meddommar i tingretten**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Raymond Kårdal innvilges fritak som meddommar.

Valnemnda 24.02.2022:**Handsaming:**

Rådmmnen sitt framlegg vart samrøystesd vedteke.

VALN- 003/22 innstilling:

Raymond Kårdal innvilges fritak som meddommar.

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Behandling:

Innstillinga valnemnda vart samrøystes vedteke.

KO- 024/22 Vedtak:

Raymond Kårdal innvilges fritak som meddommar.

025/22: Søknad om fritak som meddommar i tingretten

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Trond Ytreland innvilges fritak som meddommar i tingretten.

Valnemnda 24.02.2022:

Handsaming:

Namn på søkar skal vera Trond Ytreland.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

VALN- 004/22 innstilling:

Trond Ytreland innvilges fritak som meddommar i tingretten.

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming:

Innstillinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KO- 025/22 Vedtak:

Trond Ytreland innvilges fritak som meddommar i tingretten.

026/22: Søknad om permisjon frå politiske verv

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Øyvind Bratshaug innvilges permisjon frå alle politiske verv til og med 1.5.22.

Valnemnda 24.02.2022:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

VALN- 005/22 innstilling:

Øyvind Bratshaug innvilges permisjon frå alle politiske verv til og med 1.5.22.

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming:

Innstillinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KO- 026/22 Vedtak:

Øyvind Bratshaug innvilges permisjon frå alle politiske verv til og med 1.5.22.

027/22: Søknad om fritak frå politiske verv

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Belinda Zalewski innvilges fritak frå alle politiske verv.

Valnemnda 24.02.2022:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

VALN- 006/22 innstilling:

Belinda Zalewski innvilges fritak frå alle politiske verv.

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming:

Innstillinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KO- 027/22 Vedtak:

Belinda Zalewski innvilges fritak frå alle politiske verv.

028/22: Fritak frå politiske verv i Alver kommune/nyval

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Som nytt medlem i utval for helse og omsorg veljas:

Som nytt medlem i valnemnda veljas:....

Som nytt varamedlem i valnemnda veljas:.... (kun om det vert opprykk)

Som nytt varamedlem i RMNF veljas:

Valnemnda 24.02.2022:

Handsaming:

Framlegg:

Kommunestyret, direkte opprykk

Medlem: Alexander Helle

1. vara Toril Mongstad

2. vara Haakon Aase

Fast medlem i kommunestyret vert automatisk gruppeleiar.

Helse og omsorg:

Medlem: Alexander Helle

1.vara: Toril Mongstad

2.vara: Haakon Aase

3.vara: Kristine Fluge

Valnemnda:

Framlegg til ny rekkjefølgje:

Medlem: Toril Mongstad

Varamdlem: Alexander Helle

Råd for menneskje med nedsett funksjonsevne:

2.vara: Toril Mongstad

Framlegget vart samrøystes vedteke.

VALN- 007/22 innstilling:

Kommunestyret, direkte opprykk

Medlem: Alexander Helle

1. vara Toril Mongstad

2. vara Haakon Aase

Fast medlem i kommunestyret vert automatisk gruppeleiar.

Helse og omsorg:

Medlem: Alexander Helle

1.vara: Toril Mongstad

2.vara: Haakon Aase

3.vara: Kristine Fluge

Valnemnda:

Framlegg til ny rekkjefølgje:

Medlem: Toril Mongstad

Varamdlem: Alexander Helle

Råd for menneskje med nedsett funksjonsevne:
2.vara: Toril Mongstad

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming:

Innstillinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KO- 028/22 Vedtak:

Kommunestyret, direkte opprykk

Medlem: Alexander Helle

1. vara Toril Mongstad

2. vara Haakon Aase

Fast medlem i kommunestyret vert automatisk gruppeleiar.

Helse og omsorg:

Medlem: Alexander Helle

1.vara: Toril Mongstad

2.vara: Haakon Aase

3.vara: Kristine Fluge

Valnemnda:

Framlegg til ny rekkjefølgje:

Medlem: Toril Mongstad

Varamdlem: Alexander Helle

Råd for menneskje med nedsett funksjonsevne:
2.vara: Toril Mongstad

029/22: Melding/orientering til kommunestyret 24.02.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 029/22 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering.

030/22: Spørsmål/interpellasjonar 24.02.2022

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming:

Grunngjeve spørsmål frå Morten Klementsens-uavh.:

Viser til kommunestyret 16. desember 2021, og da spesielt til fremlegging av budsjettforslag. Under forhandlinger og debatt ble kommunestyret gjort oppmerksom på feil i vårt budsjettframlegg, av representant Larsen (H). I debatten gav representanten fra Høyre klart uttrykk for at representanten ønsket bekreftelse fra økonomisjef Janne Sund på feilene og om varsel som gjaldt feilen var sendt ut til oss. Janne Sund bekreftet at der var feil i vårt budsjettframlegg, og at dette var det sendt ut varsel på. I ettertid har avdelingsleder politisk sekretariat, Tove Mette Fyllingen, bekreftet at det ikke er kjent at Alver kommune har opprettet epostadressen som i dette tilfelle ble brukt av økonomiavdelingen til mottaker.

Denne hendelse fikk konsekvenser for vårt framlegg, hvor vi ikke fikk mulighet til å rette opp

feil før dette ble publisert og lagt frem. Derfor har vi følgende spørsmål til administrasjon, rådmann og ordfører:

Spørsmål:

Hvordan kan det etter to år plutselig dukke opp en ny epostadresse på en mottaker, som ut fra sitt verv har jevnlig utveksling av dokumenter via epost både internt og eksternt?

Vil Administrasjon, rådmann og ordfører sørge for opprydding i databasen, slik at internt ansatte ikke kan tilføye/lage ny kontaktinformasjon/dobbeltføring?

Har Alver kommune gode og sikre nok rutiner for lagring og vedlikehold av kontaktinformasjon?

Kan Alver kommune sine ansatte være 100 % sikker på at informasjon de sender ut blir sendt til riktig mottaker, når interne databaser blir brukt som grunnlag for kontaktinformasjon til mottaker

Svar frå ordførar:

Spørsmål:

Hvordan kan det etter to år plutselig dukke opp en ny epostadresse på en mottaker, som ut fra sitt verv har jevnlig utveksling av dokumenter via epost både internt og eksternt?

Svar:

Representanten dette gjeld vart tilsett (fekk oppdrag) i Alver kommune i mai 2020. Ny tilsett vert registrert med personmelding, desse meldingane har ulike kategoriar. Dei fleste fører til at det vert oppretta brukar og kommunal epostadresse automatisk. Det vart sendt melding på privat epost og mobil då dette var gjort. Stillinga det her var snakk om var lagt i feil «kategori» dette er no retta opp og kommunal epost er gått ut. Det vert og sendt personmelding på politikarar, men dette fører ikkje til automatisk oppretting av kommunal epost. Her vert privat epost registrert.

Spørsmål:

Vil Administrasjon, rådmann og ordfører sørge for opprydding i databasen, slik at internt ansatte ikke kan tilføye/lage ny kontaktinformasjon/dobbeltføring?

Svar:

Tilsette i kommunen kan ikkje opprette/tilføye kontaktinformasjon. Dette vert gjort av den enkelte brukar sjølv via visma enterprise, eller eventuelt på bestilling, av IKTNH.

Spørsmål:

Har Alver kommune gode og sikre nok rutiner for lagring og vedlikehold av kontaktinformasjon?

Svar:

Rutiner for lagring og vedlikehald av kontaktinformasjon er ein del av systemporteføljen for heile IKT-samarbeidet, som skal sikre gode nok rutiner. Det er òg starta opp eit prosjekt for informasjonssikkerheit og personvern i dette samarbeidet.

Spørsmål:

Kan Alver kommune sine ansatte være 100 % sikker på at informasjon de sender ut blir sendt til riktig mottaker, når interne databaser blir brukt som grunnlag for kontaktinformasjon til mottaker

Svar:

Alle kan gjera feil, så svaret vert nei.

Grunngjeve spørsmål frå Hege N.Dale-uavh.:

Høsten 21 har vi fått gode presentasjoner fra Kommunalsjef helse og omsorg Leni Dale. Vi har fått forståelse av at det er liten ledig kapasitet på sykehjemmene i Alver. Det som bekymrer oss, at vi ikke har fått opplyst hva helse og omsorg planlegger for å løse den sprengte

kapasiteten. Ut fra presentasjonen så leier vi en plass i Modalen, og at vi i vinter må leie en plass til. Det er også opplyst at å bruke ØHD plasser ved Helsehuset som korttids plass (utskrivning fra sykehus og i påvente på ledig plass i sykehjem), er dyrere enn å ha de liggende lenger på enten Haukeland eller Haraldsplass.

Denne eldre-bølgen er varslet for lenge siden, og en bør være i forkant slik at kommunen er rustet når denne inntreffer. Spesielt da dette er en lovpålagt tjeneste for våre innbyggere. Ut fra SSB sine tabeller for folketallet 3. kvartal 2021 og uttalelsene i fremføringen vi har fått i Formannskapet og Kommunestyret, har hver 4. av 5. på 80 år og eldre i Alver heltids plass på sykehjem. Vi ser at ventelistene på heltids, korttids, demens, pluss plasser og omsorgsboliger er økende. Ut fra saker i media om eldre innbyggere som ikke får plass når de trenger dette.

De i aldersgruppen 75-79 år i 2021 tall, viser økende antall personer (1511 personer i 2021 tall) av 80-84 års gruppen nå i 2021 (891 personer i 2021 tall).

Vi har derfor følgende spørsmål til kommunalsjef helse og omsorg:

Spørsmål 1:

Har helse og omsorg begynt planlegging for hvordan vi møter den kommende eldrebølgen? Og kan det politiske miljø få dette opplyst?

Spørsmål 2:

Førrige regjeringen har lovet at de skal ta ansvar for eldrebølgen når den kom. Har helse og omsorg etterlyst oppstart av tiltak og tilskudd fra regjeringen, slik det ble lovet at de skulle ta ansvar for eldrebølgen som kommer?

Svar frå ordførar:

Spørsmål 1:

Har helse og omsorg begynt planlegging for hvordan vi møter den kommende eldrebølgen? Og kan det politiske miljø få dette opplyst?

Svar:

Ordførar vil innleiingsvis minne om at spørsmåla skal rettast til ordførar jmf. reglement. Ordføraren kan så la rådmannen eller ein som opptrer på vegne av rådmannen, svara på spørsmåla.

Det er gjennom planarbeidet i kommunedelplan for helse, sosial og omsorg og bustadsosial handlingsplan planlegginga vert gjort. Arbeidet med kommunedelplanen er starta opp. Utval for helse og omsorg er styringsgruppe for kommunedelplanen og har gjennomført sitt første arbeidsmøte. Bustadsosial handlingsplan (temaplan) skal utarbeidast etter føringane i kommunedelplanen.

Utval for helse og omsorg fekk opplyst i møte 08.02.2022 om at det kjem ei sak om auka behov for sjukeheimsplassar i møte 22.03.2022. Saka vil ta opp framlegg til løysing på kort sikt for auka tal sjukeheimsplassar.

Spørsmål 2:

Førrige regjeringen har lovet at de skal ta ansvar for eldrebølgen når den kom. Har helse og omsorg etterlyst oppstart av tiltak og tilskudd fra regjeringen, slik det ble lovet at de skulle ta ansvar for eldrebølgen som kommer?

Svar:

Det kan søkjast om investeringstilskot til omsorgsbustader og sjukeheimsplassar gjennom husbanken. Frå 01.01.2022 gjeld plankrav ved søknad.

Når de som i dag er i aldersgruppen 75-79 år kommer opp en aldersgruppe i 2029, er denne gruppen på 1511 personer. Det er ikke lenge til 2029, hverken for å eventuelt bygge nytt sykehjem og økonomisk for en kommune med trang økonomi. Om helse og omsorg ikke har begynt planlegging før neste aldersgruppe nærmer seg gruppen hvor flere av de vil være avhengig av sykehjemsplasser, enten lang eller korttid plasser, ber vi med dette at et slikt

arbeid startes opp omgående. Dette da gruppen etter disse er på over 2000 personer.

Grunngjeve spørsmål frå Leif Johnsen-MDG:

Avdelinga for Miljø og tilsyn starta i 2021 eit arbeid for å etablere ein tiltaksplan/forvaltingsplan for Mjåtveitvassdraget.

Ny bustadutbygging skal snart starte opp i området kloss opp til Kloppedalsbekken, ein viktig gytebekk for auren som er vert for muslinglarvane.

Det er òg stadig mye potensielt forureinande arbeid med steinmasssar sør i Mjåtveit næringspark, kloss opp til bekken.

Dei gamle avbøtande tiltaka som har fungert som hinder for steinstøv og anna tilsig til no, treng raskt til vedlikehald og oppgradering om dei framleis skal fungere som tiltenkt når det no vert sett i gang ny utbygging kloss i tilsigsområdet.

I eit brev frå Statsforvaltaren ved Johan Magnus Steinvåg, datert 24.06.21, heiter det flg:

Ny moglegheit.

Dei nye funna av elvemusling har gitt oss alle ein ny sjanse til å lykkast med å berga den unike og kritisk trua bestanden av elvemusling. Derfor ber vi Alver kommune vurdere å utarbeida ein tiltaksplan for Mjåtveitvassdraget. Planen treng ikkje å vere omfattande, men må vera konkret og retta seg mot faktorar som påverkar vassdraget negativt, og innehalde aktuelle tiltak og vidare opplegg for oppfølging av desse.

Fagråd for Mjåtveitvassdraget?

I tillegg til utarbeiding av ein tiltaksplan, vil det vere viktig å ha god dialog med dei ulike aktørane og interessentane kring Mjåtveitelva. Vi ber derfor Alver kommune å vurdere om det bør opprettast eit Fagråd for Mjåtveitvassdraget der ulike interessentar saman med kommunen kan møtast og oppdaterast seg på status for vassdraget og såleis også sikra god informasjonsutveksling. Vi ber ei tilbakemelding på forslaga våre innan 1. september 2021. Vi står gjerne til disposisjon med informasjon og rettleiing undervegs om det er ønskjeleg.

Spørsmål 1:

Kor langt er arbeidet med tiltaksplanen kome, og når reknar ein med at planen er ferdig?

Til innhaldet i planen:

1a. Er heit naudsynte tiltak som vedlikehald og oppgradering av fangdammane ein del av planen?

1b. Er rutinar for regelmessige vassprøvar teken av nøytral instans ein del av planen?

1c. Er informasjonsrutinar om vernesona til verksemder som har sitt virke i tilsigsområdet ein del av planen?

Spørsmål 2:

Korleis vurderer kommunen verdien av eit Fagråd for Mjåtveitvassdraget, og kva har ein svara Statsforvaltaren om å opprette eit slikt?

Svar frå ordførar:

Spørsmål 1:

Kor langt er arbeidet med tiltaksplanen kome, og når reknar ein med at planen er ferdig?

Svar:

Arbeidet med tiltaksplanen er satt i gang, og målet er at denne vert ferdig til sommaren 2022. Når det gjelder reguleringsplanar som er under arbeid, så vert det stilt strenge krav både frå administrasjonen og Statsforvaltaren med rekkefølgekrav og nødvendige planar for tiltak for å sikre at ein ikkje får tiltak som påverkar vassdraget negativt.

Til innhaldet i planen:

1a. Er heit naudsynte tiltak som vedlikehald og oppgradering av fangdammane ein del av planen?

Svar:

Vedlikehald og oppgradering av fangdammar og andre installasjonar vil vere ein del av tiltaksplanen.

1b. Er rutinar for regelmessige vassprøvar teken av nøytral instans ein del av planen?

Svar:

Regelmessige vassprøver vil òg vere del av planen. I tillegg vil krava som allereie ligg i eksisterande planar gjelde vidare.

1c. Er informasjonsrutinar om vernesona til verksemdar som har sitt virke i tilsigsområdet ein del av planen?

Svar:

I arbeidet med tiltaksplanen vil vi og sjå på korleis vi skal få ut informasjon til verksemdar og andre som driv med næring innanfor nedslagsfeltet. Sjå elles svar under spørsmål 2.

Spørsmål 2:

Korleis vurderer kommunen verdien av eit Fagråd for Mjåtveitvassdraget, og kva har ein svara Statsforvaltaren om å opprette eit slikt?

Svar:

Statsforvaltaren har oppmoda om at det vert etablert eit fagråd. I vårt arbeid med utarbeiding av tiltaksplan er det noko vi ser at vil vere viktig at vi og får på plass for Mjåtveitvassdraget, både som leidd i informasjonsutveksling, jf. Spørsmål 1c og som diskusjonsforum. I prosessen med utarbeiding av tiltaksplan for Mjåtveitvassdraget, så ser vi til det arbeidet som Bergen kommune har gjort med tiltaksplanen for Haukåsvassdraget og det fagrådet som er oppretta der, og vi vil hauste erfaringar frå dette arbeidet.

Grunngjeve spørsmål frå Leif Johnsen-MDG:**Grunngitt spørsmål om avlusingsrutinar og utslepp av avlusingsvatn i fjordane våre**

Frå lokalbefolkningen nord på Holsnøy er det i det siste blitt skjerpa merksemd om båttrafikk ved oppdrettsanlegget til Lerøy ved Bogno. På nattestid er det observert heile fire båtar i trafikk frå Bogno og ut til i kryssinga Hjeltefjorden-Mangersfjorden for der å senke farta heilt ned, snu og gå inn att til anlegget på Bogno. Fleire er uroa over om badevatn/avlusingsvatn blir sluppe ut i fjorden her og andre stader.

Spørsmål:

Kan kommunestyret få ei orientering om kva rutinar for avlusing og utslepp av avlusingsvatn som gjeld for oppdrettsanlegga i fjordane våre, og særleg ved oppdrettsanlegget ved Bogno?

Grunngitt spørsmål om avlusingsrutinar ved Lerøy sitt oppdrettsanlegg på Bogno

Frå lokalbefolkningen nord på Holsnøy er det i det siste blitt skjerpa merksemd om båttrafikk ved oppdrettsanlegget til Lerøy ved Bogno. På nattestid er det observert heile fire båtar i trafikk frå Bogno og ut til i kryssinga Hjeltefjorden-Mangersfjorden for der å senke farta heilt ned, snu og gå inn att til anlegget på Bogno. Fleire er uroa over om badevatn/avlusingsvatn blir sluppe ut i fjorden her og andre stader.

Spørsmål:

Kan kommunestyret få ei orientering om kva rutinar for avlusing og utslepp av avlusingsvatn som gjeld for oppdrettsanlegga i fjordane våre, og særleg ved oppdrettsanlegget ved Bogno?

Svar frå ordførar:

Det er Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren og eventuelt Mattilsynet som er mynde når det kjem til konsesjon, utslepp frå akvakultur og eventuell oppfølging av fiskevelferd. Dette er

difor ikkje noko vi kan svare ut lokalt.

Dersom eit fleirtal i kommunestyret eller ansvarleg utval ønskjer å få ei slik orientering i eit møte, er det mogleg å sende ein førespurnad, men ordførar vil i første omgang oppmode representanten om å oppsøke informasjon hos ansvarlege mynde når det kjem til dette spørsmålet.

**031/22: Makebyte og leige - kai 4
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret godkjenner vedlagte makebyteavtale mellom Alver kommune og Alver tomteselskap.
2. Kommunestyre godkjenner vedlagte leigeavtale mellom Alver kommune og Mongstad eiendomsselskap AS under føresetnad av at Gbrnr. 127/60 vert overtatt i samsvar med makebyteavtalen i punkt 1.

Alver formannskap 02.12.2021:

Handsaming:

Det var gjort framlegg om å handsama saka i lukka møte jf.off.lova § 23.

Framlegget vart samrøystes vedteke. Møtet vart lukka.

Framlegg:

Saka vert teke til orientering.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 119/21 innstilling:

Saka vert teke til orientering.

Alver kommunestyre 16.12.2021:

Handsaming:

Saka er utsett.

KO- 168/21 Vedtak:

Saka er utsett.

Alver formannskap 10.02.2022:

Handsaming:

Handsaming av saka vert lukka jf.ko.lova § 11-5. og off.lova § 23.

Møtet var opna ved røysting.

Framlegget vart vedteke mot 2 røyster (M.Klementsens-uavh. og T.Sletten-Hansen-uavh.)

FO- 021/22 innstilling:

1. Kommunestyret godkjenner vedlagte makebyteavtale mellom Alver kommune og Alver tomteselskap.
2. Kommunestyre godkjenner vedlagte leigeavtale mellom Alver kommune og Mongstad eiendomsselskap AS under føresetnad av at Gbrnr. 127/60 vert overtatt i samsvar med makebyteavtalen i punkt 1.

Alver kommunestyre 24.02.2022:

Handsaming:

Møtet vart lukka Jf.off.lova § 23 1. ledd og kommunelova § 11-5 3.ledd b.

Framlegg om lukking av møtet vart samrøystes vedteke.

Innstillinga frå formannskapet vart vedteke med 36 røyster mot 5 røyster (M.Klementsens-uavh., H.Breivik-uavh., S.Hopland-uavh., Aa.Karlsen-uavh.og A.U.Nordlund-SV).

Framlegg frå S.Hauge-AP:

Leigeinntekter frå avtale mellom Alver kommune og Mongstad Egedomselskap AS om leie av kai 4 på Mongstadbase skal setjast av på eige fond. Det skal opprettast eit fond for Infrastruktur og investeringar på/i Mongstad området. Fondet skal ha som formål å investera i næringsretta utvikling i Mongstad området.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 031/22 Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner vedlagte makebyteavtale mellom Alver kommune og Alver tomteselskap.
2. Kommunestyre godkjenner vedlagte leigeavtale mellom Alver kommune og Mongstad eiendomsselskap AS under føresetnad av at Gbrnr. 127/60 vert overtatt i samsvar med makebyteavtalen i punkt 1.

Leigeinntekter frå avtale mellom Alver kommune og Mongstad Egedomselskap AS om leie av kai 4 på Mongstadbase skal setjast av på eige fond. Det skal opprettast eit fond for Infrastruktur og investeringar på/i Mongstad området. Fondet skal ha som formål å investera i næringsretta utvikling i Mongstad området.